

MØTEBOK **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

Møtedato: Tysdag 5.september 2017

Stad: Nesbyen, helse- og servicesenteret

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Petter Rukke, Hol kommune

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Kristin Gullingsrud, Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Ulrikke Ytteborg, rådgjevar (sak 24 og 28)

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Islein Haugo, fylkeskontakt

Anders Wengen, fylkeskontakt

Kjersti Bærug Hulbakk, regionkontakt

Frå rådmannsutvalet møtte:

Tone Tveito Eidnes, Ål kommune

Torbjørn Hansen, Nes kommune

Odd Egil Stavn, Flå kommune

SAK 20/17 UTTALE, BUSKERUD FYLKESKOMMUNE SITT HANDLINGSPROGRAM FOR SAMFERDSEL 2018-2021

Vedtak

UTTALE

1. Utgangspunktet for fylkesvegane i Buskerud må vera at forfallet ikkje skal auke på nokon vegar. Regionrådet for Hallingdal er skeptisk til at målet om at vedlikehaldsforfallet skulle takast igjen i løpet av 16 år, blir endra til 50 år.
2. Rapport om trygge skulevegar syner at det er behov for mange mindre tiltak i alle kommunane, for å få trygge skulevegar til barne- og ungdomsskuler i fylket. Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at det blir sett av tilstrekkelege midlar slik at desse tiltaka blir gjennomført snarast råd.
3. Store delar av Buskerud er tunt befolka, og her vil privatbilen måtte stå for store delar av transporten også i framtida. Likevel bør ikkje dette vera ei sovepute for å unngå tilrettelegging for eit best mogleg kollektivtilbod også i distrikta.

Buskerud fylkeskommune og kommunar må i samarbeid vurdere fleksible kollektivtransporttilbod i distrikta. Forsøk med bestillingstransport i forskjellige variantar tilpassa lokale behov bør koma inn som konkret tiltak i handlingsprogrammet.

4. For Hallingdal er det heilt avgjerande å sikre morgontilboden med buss eller tog til Drammen og hovedstadsområdet. Utan eit slikt tilbod har ikkje Hallingdal eit reelt kollektivtilbod for dagsreiser. Det er og avgjerande å sjå lange reiser med buss i samanheng med togtilboden og ei god samordning med lokale busstilbod. Avgangar må i størst mogeleg grad samordnast mellom buss og tog slik at det totalt blir eit best mogeleg tilbod i forhold til transportbehov gjennom døgnet. Det må og bli eit meir strømlinjeforma system enn det som er tilfelle i dag. Fokus er utvikling av knutepunkt der trafikkartane korresponderer. I tillegg må det arbeidast for ei forenkling og samordning av billettsystema.
5. Det er eit stort potensiale for meir brukarvennleg ruteopplysning både for enkeltstrekningar, og ikkje minst for overgangsmogelegheiter. Dette gjeld både internettbaserte løysingar og anna opplysningsmateriell.
6. Bussrute Hønefoss – Gardermoen som korresponderer med tog på Bergensbanen har vore eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringa i Hallingdal. Dette er eit punkt som må vurderast nærmare i handlingsprogrammet.
7. Bergensbanen er av svært stor betydning for Hallingdal, både for innbyggjarane og for reiselivet. Det er viktig at togtilboden blir innretta slik at det også kan betene reiselivsmarknaden betre enn det som er tilfelle i dag.
8. I handlingsprogrammet er reiselivet og turisten i prinsippet ikkje noko tema. I ein «vanleg» tenking i forhold til utvikling av kollektivtilbod kan kanskje dette vera rett, men at denne problemstillinga blir oversett i eit fylke med Norges største reiselivregion er mildt sagt forunderleg. Hallingdal med 5 – 6 mill. gjestedøgn eller 1,6 mill. reiser (grovst stipulert), der kanskje 10 - 15% nyttar kollektivtilboden i dag, har ikkje vorre verdt å vurdere. At 2-3000 bilar kvar dag ikkje er interessant å vurdere inn i ein kollektivtrafikkplan er mildt sagt merkeleg. Sjølv om turisten ikkje er ei definert målgruppe i ein snever tankegang i forhold til ein kollektivtransportplan, vil denne målgruppa kunne vera med å gje eit meir omfattande kollektivtilbod.

Argumenta for å gjera nærmare vurderingar i forhold til turisten som målgruppe i kollektivtransportplanen bør vera innlysande. Dette vil og styrke regionen sin konkurranseprofil. Regionrådet for Hallingdal ynskjer at det blir sett i gang eit arbeid for å vurdere korleis buss/togtilboden gjennom Hallingdal kan utviklast og samordnast på ein betre måte, med sikte på å få ein enklare, meir kundevennleg og robust struktur, også i forhold til reiselivsnæringa. I denne samanheng må det også lagast ein plan for utvikling av knutepunkt.

9. For Hallingdal er det i reiselivssamanheng svært viktig at rastepllassar er av god standard, noko som i grove trekk vil seie vesentleg betre enn i dag. Regionrådet for Hallingdal vil be om at Buskerud fylkeskommune i samarbeid med kommunane/regionrådet og reiselivsnæringa etablera eit eige prosjekt, for å vurdere opprusting og drift av rastepllassar i Hallingdal.

10. Regionrådet for Hallingdal registrerer at utviklinga alvorlege trafikkulykker i Buskerud har ein mindre nedgang dei siste åra, enn det som er målsettinga. Regionrådet ser det som svært viktig at trafikktryggleiksarbeidet i fylke blir intensivert, og at dette er eit felles ansvar der m.a. fylkeskommune og kommunar må vera aktive partar.

11. Regionrådet for Hallingdal ber om at bygging av ny Austvoll bru på Fv.203 i Flå kommune kjem inn i handlingsprogrammet og at planarbeidet blir teke opp att snarast råd. Det er ikkje akseptabelt at ein fylkesveg blir nedprioritert (stengt) på denne måten, og der eit lite lokalsamfunn, frå ein dag til ein annan, for 20 km lengre reiseveg i mange samanhengar. Bygging av ny Austvoll bru er svært viktig i eit trafikktryggleik- og beredskapsperspektiv samstundes som Fv 203 vil vera ein viktig omkjøringsveg for Rv7.

SAK 21/17 VENN HALLINGDAL– EIN SAMFUNNSAKTØR

Lisbeth Skølt, dagleg leiar i VENN Hallingdal, orienterte om VENN Hallingdal; utvikling, utfordringar, mogelegheita, samarbeidet med kommunane og inviterte til dialog i forhold til mogelegheita. I tillegg til at VENN driv arbeidsrelatert rettleiing og opplæring og bidreg til arbeidsinkludering for personar i Hallingdal, er dei og ein leverandør av varer og tenester. Her er det eit potensiale både i forhold til det offentlege og privat næringsliv. Gjera VENN Hallingdal endå meir kjent vart framheva frå fleire, og er eit felles ansvar.

Vedlagt presentasjon.

SAK 22/17 INFORMASJON OM HEMSEDAL ALPINE ARRANGEMENTER AS OG ARBEIDET MED ALPIN VM 2025

Oddvar Grøthe, ordførar og styreleiar i Alpine arrangementer AS orienterte om arbeidet med søknad om alpin VM 2025 i Hemsedal og korleis Hallingdal kan vera ein aktør. Drøftingane gjekk på kva rolle Hallingdal kan ha og korleis Hallingdal kan involverast i det vidare arbeidet.

SAK 23/17 ORIENTERING OM HALLINGDAL HV-OMRÅDE

Områdesjef i Hallingdal, kaptein Inge-André Moen orienterte om status Hallingdal HV-område.

SAK 24/17 HALLINGTINGET 30 – 31.10.2017

I samband med Hallingtinget skal fyrste del av 30.10 vera opent møte med tema «Folk er den viktigste ressursen for samfunnsøkonomi og psykisk helse».

Arne Holte, professor i helsepsykologi saman med Hallingdal Ungdomsråd vil vera på scena. «Miniseminaret» er eit samarbeid mellom Regionrådet for Hallingdal, Hallinghelse og Hallingdal ungdomsråd.

Saker til Hallingtinget vil m.a. vera budsjett, Strategisk plan for Hallingdal og Nye Hallingdal sjukestugu (nærskuhus i Hallingdal) med m.a. evaluering av intermediaæravdelinga etter 1 års drift. Endeleg program for Hallingtinget blir fastlagt på regionrådsmøte 29.9.2017

Sak 25/17 REVISJON

Regionrådet drøfta saka, som vart utsatt til neste møte.

SAK 26/17 EVALUERINGSRAPPORT UNGDOMSLOS I HALLINGDAL

Dag Stemsverk orienterte om evaluatingsrapport ungdomslos i Hallingdal og status for prosjektet.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal tek opp eventuell vidareføring av Ungdomslos i Hallingdal som eigen sak på møte 29.8.2017

SAK 27/17 REGIONAL PLAN FOR IDRETSSANLEGG, STATUS, ORIENTERING

Ordførar Heidi Granli orienterte om arbeidet med regional plan for idrettsanlegg, vedlagt presentasjon. Regional plan vil bli sak på neste regionrådsmøte.

SAK 28/17 EVENTUELTT

Forliksråd

I samband med prosess og vurdering av felles forliksråd for Hallingdal, blir leiarar i forliksråda invitert til neste møte i Regionrådet 29.9.

Godtgjersle medlemmer Hallingdal Ungdomsråd

Ulrikke Ytteborg, sekretær for Hallingdal Ungdomsråd tok opp spørsmålet om godtgjersle til medlemmene i Hallingdal Ungdomsråd. Regionrådet for Hallingdal såg det som naturleg at dette blir lagt inn i forslag til budsjett for regionrådet for 2018.

Politireformen

Møte med fungerande leiar Nordre Buskerud, politiinspektør Petter Solberg, regionlensmann Hallingdal Brit Fyksen og politikontakt for Hallingdal Jan Koldal blir på regionrådsmøte 29.9.

SAK 29/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL 31.3.2017

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Nesbyen 5.9.2017

Petter Rukke, Hol kommune

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Kristin Gullingsrud, Flå kommune